

ÅRSMELDING FOR SYVDE SOGELAG FOR 2025

Årsmøtet vart halde i Kristitunet 6.mai 2025. Det møtte 13 medlemer. Årsmelding og reknesksp vart godkjent. Rekneskapet for 2023synte eit underskot på kr. 3.040. Laget hadde i 2025 101 medlemer og ein æresmedlem. Det har vore dugnad med slått og rydding i tunet.

Under Kosterikedagane var det ope hus med bra besøk. I haust var det mimrekveld etter initiativ av Sissel Myklebust. Kristitunet har og vore nytta i samband med slektstreff, og enkeltpersonar, skuleklasser og grupper har fått omvisning.

Syvde Sogelag har fått grasrotandel frå Norsk Tipping på kr.4.7560, og kommunal stønad på kr. 6.207.

Jostein Nordvik har lagt inn ein god del stoff på heimesida. +

Ein kan finne heimesida på <https://sogelagaivanylven.no/syvdesogelag/>.

Syvde Sogelag har fått tilbod om å overta huset til KristiOlga. Det vert i så fall å flytte det til Kristitunet. Styret går inn for overtaking, og tek sikte på å flytte huset heilt. Gustav Landsverk vert leiar i byggenemnda, og får i oppgåve å skaffe andre folk i nemnda.

Styret har vore: Geir Nordal, leiar, på val kvart år. Nestleiar Geir Sandnes, ikkje på val. Gustav Landsverk, styremedlem, på val i år. Ove Myrvoll, styremedlem, på val i år, Mai-Britt Myklebust, kasserar, ikkje på val i år.

Varafolk: 1. Elias Øvregård 2. Ståle Eikrem. 3. Magnhild Stranden.

Medlemer i skriftstyret for «Fotefar»: Olav Opsal, Asbjørn Lade. Dei er ikkje på val.

Museumsnemnd: Sissel Myklebust (leiar), John Myklebust og Hallgeir Herskedal.

Ingen er på val.

Revisor. Knut Brudevoll, på val kvart år.

Styret har halde 3 styremøte og handsama 10 saker

Geir Nordal

Geir Sandnes

Gustav Landsverk

Ove Myrvoll

Mai-Britt Myklebust